

Trim og Trening AS
Manger Senter
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13931 - 20/54556

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
02.09.2020

Svar på førespurnad om etablering av aktivitets- og klatrepark - gbnr 445/1

Vi viser til din førespurnad om etablering av aktivitets- og klatrepark på gbnr 445/1/54. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Det aktuelle arealet ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen for Manger sentrum der det aktuelle arealet ligg delvis i område avsett til forretning, gatetun og parkering. Endeleg avgrensing er vanskeleg å sjå ut i frå innsend skisse.

Tiltaket vil vera i strid med arealføremålet og det må derfor søkjast om dispensasjon frå gjeldande plan for dette forhold. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg grunngitt søknad. Søknaden må nabovarslast og du må leggja ved søknaden kart og teikningar over planlagt tiltak.

Utfallet av ei dispensasjonssak er vanskeleg å seia på førehand. Søknaden vil verta vurdert i forhold til planen sin intensjon, dei interesser som gjer seg gjeldande og eventuelle uttalar frå naboar, fagetatar og regionale styresmakter.

Etablering av sjølv aktivitets- og klatreparken krev søknad og løyve som må sendast inn av eit ansvarleg føretak.

Vi vil elles gjera merksam på at det kan vera føremålstenleg å be om ein førehandskonferanse dersom de ønskjer å gå vidare med saka. Kommunen vil då gå meir detaljert gjennom dei rammene og føresetnadane som vil liggja til grunn for tiltaket. Ved innsending av førespurnad om førehandskonferanse bør det leggjast ved kart og teikningar over planlagt tiltak.

Skjema for førespurnad om førehandskonferanse finn du her:
<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/>

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Trim og Trening AS

Manger Senter

5936

MANGER

Mottakarar:

Trim og Trening AS

Manger Senter

5936

MANGER